

Kunngjering 2022: Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontoret

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til å utvikle dei sosiale tenestene og tiltaka i kommunane etter sosialtenestelova.

Det overordna målet med denne tilskotsordninga er å skape eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa dei behova brukarane har.

Kven kan søkje: NAV-kontor

Søknadsfrist: 1. februar 2022

Tidsperiode: Tilskot blir primært gitt for eitt år frå oppstartsdato, men vi kan gi tilskot i inntil tre år til same tiltaket.

Rapportering: Frist for status- og rekneskapsrapportering er 1. februar 2023

Referanse: Statsbudsjettet, Arbeids- og sosialdepartementet kapittel 0621 post 63

Beløp: Vi gir inntil 610 000 kroner per 100 prosent stilling (lønn og sosiale utgifter) og inntil 20 000 kroner per tiltak til kompetanse som trengst spesifikt for dette tiltaket (for eksempel design, evaluering, utvikling og/eller fagleg).

Formål og målgruppe

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til å utvikle sosiale tenester som er heimla i sosialtenestelova. Sosialtenestelova inngår i det samle velferdsansvaret til kommunane.

Sosialtenestelova har som formål å betre levekåra for dei vanskelegstilte:

- bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet
- bidra til at utsette barn og unge og familiare deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod
- bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem

Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer skal innbyggjarane i kommunen oppleve at kvaliteten i tenestene aukar, og følgjeleg at også levekåra blir betre.

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som treng sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

Følgjande utviklingsområde blir særskilt prioriterte i 2022

- heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane
- arbeid med barnefamiliar, ungdom, innvandrarar og langtidsmottakarar av sosiale tenester
- sikring av sårbare overgangar, blant anna lauslating etter straffegjennomføring, mellom utdanning og arbeidsliv og mellom ulike tenester som barnevernet og NAV
- førebygging og/eller tidleg innsats

[Utvalde sosialtenestetilbud \(pdf\) – legg inn nye](#)

Våre tips til deg som ønskjer å søkje

- kontakt statsforvaltaren i fylket ditt dersom du har spørsmål eller treng rettleiing
- sjå NAV sine sider om «Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontoret» for informasjon om og frå alle tilskotsmottakarar og «Erfaringsbasen» om erfaringane andre har hatt, og om å dele eigne
- ha ei brukarorientert tilnærming til utviklingsarbeidet
- planlegg for implementering frå start
- ha ei god forankring og organisering og ein tydelig plan(ar). [Digdir har laga ei god oversikt over innovasjonsverktøy](#)
<https://www.digdir.no/prosjektstyring/prosjektveiledning/872>
- sjå utviklingstilskotet som eit verkemiddel i arbeidet med heilskapleg tenking og utvikling av det samla velferdsansvaret i kommunen
- bruk levekårsutfordringar i kommunen som bakteppe for søknaden
- bli kjend med relevante nasjonale satsingar og strategiar, og sjå desse i samanheng med lokale levekårsutfordringar. Eksempel frå satsingar og strategiar:
 - [Alle trenger et trygt hjem \(2021–2024\), strategi for den sosiale boligpolitikken \(regjeringen.no\)](#)
<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/>
 - [Like muligheter i oppveksten, Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier \(2020–2023\) \(regjeringen.no\)](#)
https://www.regjeringen.no/contentassets/bb45eed3479549719fb14c78eba35bd4/strategi-mot-barnefattigdom_web.pdf
 - [Mestre hele livet, Regjeringens strategi for god psykisk helse \(2017–2022\) \(regjeringen.no\)](#)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354/>
 - [Inkluderingsdugnaden er et felles samfunnsoppdrag for å få flere i jobb \(regjeringen.no\)](#)
<https://www.regjeringen.no/no/tema/arbeidsliv/Statlig-arbeidsgiverpolitikk/inkluderingsdugnaden/id2678301/>

Vi gir ikkje tilskot til

- kommunar som får programfinansiering gjennom 0–24-satsinga, og som søker om tiltak til same målgruppa
- implementering av ferdig utvikla metodar og arbeidsmåtar
- søknader som berre skildrar kapasitetsauke i tenesta

Korleis søker du?

Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt dersom du har spørsmål eller treng rettleiing. Utfylt søknad skal signerast og sendast til statsforvaltaren i fylket ditt.

	Telefonnummer	E-post
Statsforvaltaren i Agder	37 01 75 00	sfagpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Innlandet	61 26 60 00	sfinpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	71 25 84 00	sfmrpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Nordland	75 53 15 00	sfnopost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Oslo og Viken	69 24 70 00	sfovpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Rogaland	51 56 87 00	sfropost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Troms og Finnmark	78 95 03 00	sftfpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Trøndelag	74 16 80 00	sftlpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	33 37 10 00	sfvtpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Vestland	57 64 30 00	sfvlpost@statsforvalteren.no